



Alver kommune
Marie Victoria Rekdal Skogrand

Dykkar ref.: Vår ref.: Dato:
21/1232 - 32 / ANT 31.08.2022

Søknad om tilskot til landbruksføremål i Austrheim - gbnr 156/13-Uttale

Austrheim kommune er positiv til dykkar vurdering her, men dette er truleg ei sak de bør vurdera å få ein formell uttale av Landbruksfagrådet i Austrheim kommune om, eller be om uttale frå leiar der om de hastar. De skriv følgjande:

Hei,

Eg og Øystein Kolstad var på synfaring hos Anders Johan Austrheim i førre veke i samband med søknad om tilskot til landbruksføremål i Austrheim (sjå vedlegg).

Han har sprengt nokre små haugar på overflatedyrka jord (om lag 0,3 daa) som gjer det lettare å hauste graset på skiftet. Det er så vidt eg kan sjå eit område på mindre enn 1 daa og mindre enn 3 m terrengeendring, og tiltaket er dermed ikkje søknadspliktig etter plan og bygningslova eller etter bakkeplaneringsforskrifta.

Det er søkt om tilskot til «Forbetring av dyrkingstilhøve i eit endra klima (klimatilpassing)». Han argumenterer i søknaden med at dette vil gje meir effektiv innhausting og mindre fare for skade på slåtteutstyret, noko som blir meir viktig med klimaendringane som gjer kortare tidsrom ein kan hauste på. Ut frå ein landbruksfagleg ståstad er dette eit fornuftig tiltak. Jordsvinn gjer at det ofte kan verte naudsynt å fjerne små berg og knausar i dyrka mark etter kvart som tida går. Vi er likevel usikre på om det er rett å definere dette som klimatilpassing. Med ordet klimatilpassing meiner ein som oftast tiltak som går meir direkte på å handtere konsekvensane av auka nedbørsmengder, som til dømes auka dimensjonering på drenering, fordrøyning av vatn for å redusera flomtoppar og liknande. Det er likevel ingen tvil om at utfordringane som her blir skildra er reelle, og at ein kan rekne med at dette blir viktigare i eit endra klima. Denne vekstsesongen er eit godt døme på at dette med korte tidsvindu der det er mogleg å hauste er ei kjempeutfordring.

Vi meiner at tiltaket er innanfor føremålet med tilskotet, som jo er vidt formulert:
«Det kommunale tilskotet til landbruket skal leggja til rette for og styrkja landbruksdrifta i Austrheim, og vera til hjelp i samband med investeringar på bruk som mottek produksjonstilskot, eller andre tiltak som fremjer landbruket i kommunen.»

«Midlane skal i hovudsak nyttast til nydyrkning, grøfting, beiterydding og andre godkjende tiltak som kan betra driftstilhøva på jordbruksarealet. Landbruksvegar, tiltak for å hindra ureining, gje betre dyrkingstilhøve i eit endra klima.»

Slik landbruksavdelinga er dette ei langsiktig investering i jorda som vil betre dyrkingstilhøve på jordbruksarealet. Vi meiner at det ut frå retningslinene kan løvvast tilskot til prosjektet, men at ein må vurdere presendens-verknaden av eit positivt vedtak. Dette er noko Austrheim kommune må ta stilling til. **Vi ber om ein uttale om korleis Austrheim kommune stiller seg til saka.**

Mvh

Marie Skogrand | Rådgjevar Landbruk



Sætremarka 2
5943 AUSTREIM
austrheim.kommune.no



56 16 20 00
post@austrheim.kommune.no



Føretaksreg.: 948350823
Bankkonto: 1594.11.80407

Lykke til med vidare arbeid og sakshandsaming her.

Med helsing

Asbjørn Nagell Toft
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Mottakere:
Alver kommune